

Til Meland kommune.

Byggjesaksavdelinga.

p.b. 75

5906 Frekhaug.

Søknad om prøvedrift av steinuttak i planlagd næringsområde på gnr. 40 bnr. 5 på Espetveit.

I arealdelen i kommuneplanen er det her på gnr. 40 bnr. 5 langs Hestnesvegen avsett eit større område for næring dvs. uttak av Stein.

I kommuneplanen er det krav om reguleringsplan før eventuell drift av steinuttaket startar opp.

Interesserte parter med grunneigar i brodden ynskjer nå å vurdere om det er grunnlag for drift av anlegget. Det er tidlegare utarbeidd geologisk rapport for områder som syner steintypar og mengder. Søkjar meinar grunnlaget ikkje er detaljert nok til å kunne vurdere ei forretningsmessig drift av anlegget. For ei slik vurdering ynskjer ein å kunne ta ut ein del prøver for nærmare analyse og vurdering av kvalitet m.m. samt å foreta grunnboringar dvs. kjerneboring for uttak av prøver. Prøveområdet er delt i to områder:

**Område 1** er prøveuttaking med moderat sprenging og noko pigging og med uttak av opptil 5000 kbm. masse.

**Område 2** er prøvetakingsområde med kjerneboring.

Områda er synt på vedlagde kart i M= 1:1000.

For å få dette til på ein enkel måte søker ein nå om løyve til slike tiltak som nemnd ovanfor utan først å utarbeide detaljerte reguleringsplan eller driftsplanar.

Arbeidsaktiviteten skal gjennomførast i vanleg arbeidstid dvs. mandag –fredag mellom kl. 0700- og 16.00 og vil halda på om lag eit halvt år. Det vil i tillegg til enkel sprenging bli noko pigging samt lessing og transport av masser. Noko stor sjanse for omgivnaden vil tiltaket neppe bli.

Uttransport av utsprengt masse vil skje med vanleg lastebil. Med maks. uttak på 5000 kbm. i eit tidsrom av eit halvt år vil transporten pr. dag i gjennomsnitt bli moderat og til liten sjanse for andre brukarar av kommuneveg og fylkesveg.

Dersom det syner seg at kvaliteten er god nok med nok mengder til forretningsmessig drift av anlegget i fullskala, vil tiltakshavarane vurdere full drift og då sjølvsagt med både utarbeiding av reguleringsplan og driftsplanar i samsvar med vilkåra som kommunen har gitt i kommuneplanen.

**Opprydding.**

Dersom det syner seg at forretningsmessig drift pr.idag ikkje er mogeleg å få til, vil området bli rydda og massene bli tilbakeført og planert så langt som det praktisk kan gjerast. Den alt opparbeidde traktorvegen som synt på kartet, ynskjer ein uansett å ta vare på som eit varig anlegg.

Tiltakshavar ynskjer derfor ei snarleg og positiv handsaming av søknaden slik at tiltaket alt kan starte opp etter fellesferien dvs. august 2016. Før oppstart vil kommunen, om ynskjeleg, få tilsendt naudsynte ansvarsretter frå utførande firma/personar m.m. for omsøkt arbeid.

Espetvedt .../... 2016

Mvh.

Tor Måseide